

## Uttale frå den fylkeskommunale legenemnda på forslaget til endringar i TT-ordninga.

Den fylkeskommunale legenemnda vurderar alle søknader om å bli godkjent som TT- brukar. Legenemnda har fylgjande medisinskfaglege kommentarar til forslaga til nytt regelverk.

Generelt vil legenemnda peika på at det er behov for å vidareføra ordninga med ulike godkjenningsperiodar. I forslag til nytt regelverk er ordinær godkjenningsperiode utvida frå 4 til 5 år. Legenemnda støttar opp om dette forslaget. Dersom ein er i tvil om sjukdomen/funksjonshemminga vil vare i 5 år kan ein i større grad nytta mellombels godkjenning i 2 år. Legenemnda ynskjer at det i tillegg vert innført mellombels godkjenning på eitt år. Legenemnda vil streka under at ein er avhengig av klårgjerande og realistiske eigen- og legeerklæringar for å kunna gjera korrekte vurderingar av søknadane.

Det skjer kontinuerleg store framsteg på medisin- og behandlingsfronten, så legenemnda meiner at ein bør vera tilbakehalden med å gje livsvarig godkjenning til yngre søkarar.

Det er framlegg om å auka grensa for livsvarig godkjenning frå 80 år til 85 år. Legenemnda meiner at det ikkje er trong for å ha ei aldersgrense for livsvarig godkjenning, men at legenemnda vurderar dette i kvart einskild høve.

### Individuell vurdering av søkjarane

Legenemnda gjer sine vurderingar av søknadane ut frå medisinske kriteria og med utgangspunkt i regelverket sin definisjon for å bli godkjent som brukar. Denne er at personar som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytta det ordinære offentlege rutetilbodet vert godkjent som brukar. Legenemnda gjer ikkje, og har heller ikkje føresetnader, for å vurdere behovet for fritidsreiser for den einskilde søkjar. Dette er ei oppgåve som legenemnda heller ikkje ynskjer å ta. Eventuelle behovsvurderingar av søkjarane utover det medisinske må gjerast gjennom den fylkeskommunale sakshandsaminga.

### Forslag til andre endringar

Eit gjennomgåande trekk i saka er at det vert lagt opp til at den einskilde brukar vert vurdert som sjølvstendig individ, og ikkje sett i samanheng med sosial status og bustad. Legenemnda sluttar opp om dette prinsippet, og dei endringane i regelverket som støttar opp om dette.

Bergen 10.01.2018

Kristin Bovim

Per Engum

Sturla Gjesdal

Harald Hauge

Peter Kryvi